

# Høyanger kommune

## Politisk sekretariat

Det Kongelige Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Saksnr. 12/639      Dok-ID 12/5927      Arkivkode L32      Sakshandsamar RIF      Dato: 19.06.2012

### Høringsframlegg - endring Lov om stadnamn

Vedlagt følger Høyanger kommune sin uttale til høringsframlegget.

Med helsing

Rita Flaten  
politisk sekretær

## Høyanger kommune Møtebok

Utval	Møtedato	Saksnr
Utval for kultur	05.06.2012	017/12

### Høringsframlegg - endring Lov om stadnamn

---

Postadr.: 6991 Høyanger      Besøksadr.: Aug. Gunnarskogsgt. 1 6993 Høyanger      Telefon: 57 71 15 50      Bankgiro: 3720 12 79764 Org.nr. 944439838      E post: postmottak@hoyanger.kommune.no www.hoyanger.kommune.no

05.06.2012 Utval for kultur

**KU-017/12 VEDTAK - samr.:**

Høyanger kommune v/Utval for kultur vedtek følgjande høyringsuttale til eventuell endring i Lov om stadnamn:

Stadnamnlova slik ho er i dag forvaltar gards- og bruksnummer på ein god måte, og Høyanger kommune sluttar seg til Noregs Mållag sin uttale i saka.

# Saksutgreiing

<b>Sakshandsamar:</b> Grete Bjørnsen Ulvestad	<b>Arkivkode:</b> L32	<b>Arkivsaknr</b> 12/639
--	--------------------------	-----------------------------

## Bakgrunn

Kulturdepartementet har sendt framlegg til endring i lov om stadnamn ut på høyring. Framlegget er ei oppfølging av stortingsbehandlinga i januar 2009 om ”endring av bruksnavn uten grunneiers samtykke”. Departementet gjer framlegg om nye reglar for skrivemåten av bruksnamn, medan reglane for skrivemåten av gardsnamn skal vere som i dag.

Stortinget handsama den 13. januar 2009 Innst. S. nr 124 (2008-2009) frå familie- og kulturkomiteen; om endring i stadnamnlova som ville sikre at bruksnamn ikkje kan endrast utan grunneigar sitt samtykkje. Stortinget bad regjeringa om å greie ut å endre lova slik at gjeldande rettskrivingsprinsipp ikkje skal gjelde sjølve gards-/bruksnamnet. Kravet om einsarta skrivemåte i ulike funksjonar blei foreslege oppheva. Stortinget meinte vidare at grunneigar sine synspunkt burde tilleggas særskilt vekt, og difor dette forslaget om oppmjuking av lova.

**Gardsnamn** er i stadnamnlova § 2 bokstav b definert som *namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til.*

**Bruksnamn** er i § 2 bokstav c definert som *namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer.*

Det er ofte gardsnamnet som har størst interesse for det offentlege, fordi gardsnamnet i mange tilfelle er namnet i primærfunksjonen. Det vil seie at det har gitt namn til andre lokalitetar/namneobjekt, som underbruk, eller tettstader, byggefelt, vegar mv.

I daglegtaleten går omgrepa gardsnamn og bruksnamn ofte om kvarandre. Gjennom forslaget og Stortinget sitt vedtak, ønskjer ein å sikre grunneigarar ein betre rett til å bestemme skrivemåten på namnet på eigen eigedom. Det er med andre ord ønskjeleg å sikre eigar/festar ein rett til å motsette seg endring av bruksnamnet på eigedomen.

Sidan bruksnamn står i ei særstilling i høve til andre stadnamn, meiner Departementet at det kan vere tenleg å innføre ulike reglar for fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn og gardsnamn.

**Departementet føreslår følgjande endringar i lov 18. mai 1990 nr 11 § 6, første ledd og § 8 i lov om stadnamn (endringar i kursiv):**

**§ 6.** Nærare om saksbehandlinga, første ledd, skal lyde:

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. *Eigar eller festar har det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn. Eigar eller festar av bruk med same namn eller namn avleidd frå gardsnamnet, har og rett til å uttale seg i saker som gjeld dette gardsnamnet, når*

skrivemåten av gardsnamnet *etter § 4 andre ledd som hovudregel* skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv.

Fylkeskommunen har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ei kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten.

**§ 8.** Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn skal lyde:

Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Eigar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd, dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

Skrivemåten av gardsnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 og 6.

*Dersom eigar eller festar kan dokumentere offentlig bruk av ein ønskt skrivemåte på bruksnamn, skal denne leggjast til grunn. I dei tilfella der eigar eller festar slik dokumenterer ønskt skrivemåte på bruksnamn, kan bruksnamnet vedtakast utan anna høyring.*

Vedtaket om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. *Skrivemåten av bruksnamn treng ikkje følgje skrivemåten for gardsnamnet bruket tilhøyrer, dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og eigar eller festar kan dokumentere at denne skrivemåten har vore i offentlig bruk.*

For andre bruksnamn fastset eigar eller festar skrivemåten.

## **Vurdering**

I vurderinga bør det leggjast vekt på at dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige, og vurdere om det er ønskeleg med mange ulike skrivemåtar av bruksnamn med opphav i same gardsnamn.

Eit sentralt spørsmål er også om ein meiner stadnamnlova slik den er i dag, vernar om namna som kulturminne. M.a. skriv Noregs Mållag i sin uttale; «stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Me ber derfor Stortinget om ikkje å gjera endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.» Noregs Mållag peikar også på at det at brukaren skal avgjere namnet på bruket, kan føre til at eit bruk får endra skrivemåte frå ein generasjon til neste. Ein er også uroa for at forvanska skrivemåtar som ikkje støttar opp om lokal uttale av eit stadnamn, kan føre til at uttalen endrar seg, og stadnamnet som kulturminne vert vekke.

På den andre sida vil oppmjukinga av lova styrke eigar sin rett til å ha innverknad på skrivemåten på eigen eigedom. Mange vil nok også meine at det kan vere føremålstenleg å innføre ulike reglar for fastsetjinga av skrivemåten av bruksnamn og gardsnamn.

## **Rådmannen sin konklusjon**

Utval for kultur bør drøfte om ein ønskjer å gje ein uttale til høyringsdokumentet.

